



# VERDSKULTURMINNET BRYGGEN I BERGEN

Forvaltningsplan



## INNHALD

### **Innleiing:**

Forord

Bakgrunn

Målsetting

## **DEL 1: VERDSKULTURMINNET BRYGGEN**

### **1:1 Generell informasjon**

1:1:1 Lokalisering

1:1:2 Kortfatta beskriving

### **1:2 Kulturell informasjon**

1:2:1 Historisk oversikt

1:2:2 Byggeskikk

### **1:3 Informasjon om miljø**

1:3:1 Klima

1:3:2 Tekniske installasjonar

1:3:3 Skader

1:3:4 Oversikt over tilstand

1:3:5 Planar

1:3:6 Eigedomsforhold

### **1:4 Vernestatus for Bryggen**

1:4:1 Innleiing

1:4:1:1 Status som verdskulturminne

1:4:1:2 Forvaltning etter kulturminnelova

1:4:1:3 Forvaltning etter plan og bygningslova

1:4:1:4 Samarbeidsplikta

1:4:2 Offentleg forvaltning

1:4:2:1 Den norske stat

1:4:2:2 Hordaland fylkeskommune

1:4:2:3 Bergen kommune

1:4:3 Stiftelsen Bryggen

1:4:4 Bryggen Private Gårdeierforum

1:4:5 Stiftelsen Bryggens Museum

1:4:6 Hanseatisk Museum

1:4:7 Prosjekt Bryggen

**1:5 Vedlegg til del 1**

- 1:5:1 Flytta og revne bygg
- 1:5:2 Restaurerte bygningar
- 1:5:3 Bryggestredet
- 1:5:4 Plan, snitt og fasade. Bredsgården
- 1:5:5 Prinsippskisse vegg
- 1:5:6 Prinsippskisse svalgang

**1:6 Kart frå Byantikvarens Kulturminnegrunnlag  
for Vågen, kaiene og Bryggen**

- Kart 1:1 Topografi og tidlig historie
- Kart 1:2 Antatt plassering av første bebyggelse
- Kart 2:8 Bebyggelsestruktur
- Kart 3:1 Kommunikasjonslinjer
- Kart 4:1 Fredete bygg og anlegg
- Kart A Sammenstillingskart, bygningsstruktur
- Kart B Sammenstillingskart, sjøtilkomst og bebyggelsesstruktur

## **DEL 2 VURDERING AV KULTURMILJØET**

- 2:1 Verdiar**
- 2:2 Kunnskapsverdiar
- 2:2:1 Universell verdi
- 2:2:2 Historisk verdi
- 2:2:3 Bygningshistorisk verdi
- 2:3 Opplevingsverdiar
- 2:4 Bruksverdiar
- 2:5 Bevaringsideologi
- 2:6 Vedlegg del 2

## **DEL 3: FORVALTNING AV KULTURMILJØ**

**3:1 Brannsikring**

**3:2 Vedlikehold**

**3:3 Istandsetting**

3:3:1 Handverk

3:3:2 Dokumentasjon

3:3:3 Arkiv

3:3:4 Formidling

3:3:5 Frontareal

**3:4 Bruk**

3:4:1 Turisme

3:4:2 Parkering

**3:5 Handlingsplan**

3:5:1 Vern

3:5:2 Bevaring

3:5:3 Formidling

**3:6 Vedlegg til del 3**

3:6:1 Referanseliste til del 3

3:6:2 Tilføyingar til del 3



## FORORD

Bryggen i Bergen er eitt av fem norske kulturminne som står på UNESCO si liste over verdas kultur og naturarv. Dei andre er Røros, Urnes stavkyrkje, Vegaøyane og helleristningane i Alta.

Hovudgrunngevinga til at Bryggen kom med på Verdsarvlista i 1979 er byggeskikken som representerer ein nordeuropeisk urban bygningstradisjon som har røter i

mellomalderen og at ein her har den einaste gjenverande del av eit hanseatisk kontor. Ein plass på Verdsarvlista plasserer Bryggen mellom andre kjende monument som Den Kinesiske Mur, Keopspyramiden i Egypt og Akropolis i Hellas. Den Norske stat har ved ratifisering av UNESCO – konvensjonen forplikta seg til å verne, bevare og formidle dei verdiane ein har på Bryggen. Med dette har vi tatt på oss eit stort ansvar. Eit ansvar som vi tek på alvor.

Som del av den statlege oppfølginga av verdsarvkonvensjonen vert det gjennomført evalueringar av verdskulturminna av uavhengige ekspertar kvart sjette år. Staten har engasjert ICOMOS (International Council On Monuments and Sites) til å gjere denne evalueringa av Bryggen i 1994 og 2001. For å møte dei utfordringane som låg i oppfølginga av tilrådingane frå ICOMOS-evalueringa tok Hordaland fylkeskommune på seg ansvaret for å lage ein forvaltningsplan for Verdskulturminnet Bryggen. Hordaland Fylkeskommune har med delegasjon av ansvar og mynde etter Kulturminnelova hatt tilsynsansvar med bygningsmassen i Verdskulturminnet Bryggen fram til 1. februar 2004 då Byantikvaren i Bergen Kommune tok over. Forvaltningsplanen som her ligg føre er arbeidd fram i Kultur og idrettsavdelinga i Hordaland Fylkeskommune i samarbeid med representantar frå Byantikvaren, Bryggen Private Gårdeierforum, Stiftelsen Bryggen, og Riksantikvaren-distriktskontor vest. Det nære samarbeidet mellom forvaltningspartane har vore ein føresetnad for at planen skulle få det rette forhold mellom bevaring av kulturminnet og utvikling av Bryggen som ein levande bydel i Bergen sentrum. Forvaltningsplanen er eit viktig verkemiddel for å få gjennomført tilrådingane og skal gje overordna rammer for det vidare arbeidet. Den skal ta føre seg dei viktigaste problemstillingane vedrørande sikring, istandsetting, vedlikehald og formidling på og inneheld retningslinjer om nødvendige tiltak og ansvarsforhold. Dette vil vere ein viktig reiskap for alle som er involverte arbeidet med å verne, bevare og formidle verdiane i dette unike kulturminnet.

TORILL SELSVOLD NYBORG  
FYLKESORDFØRER  
HORDALAND FYLKESKOMMUNE

INNLEIING:

## Bakgrunn

Bryggen i Bergen; grunnen, fundamenta og bygningane, er i dag freda etter Kulturminnelova (1978), men vart første gang freda etter "Lov um bygningsfreding" i 1927

Bryggen vart tatt med på UNESCO si liste over verds kulturminne i 1979. "Konvensjonen om bevaring av verda si kultur og naturarv" vart vedteken 16. november 1972 på UNESCO si generalforsamling, og ratifisert av Noreg 12. mai 1977. Konvensjonen omhandlar bevaring av kultur - og naturarv som har framstående universell verdi frå eit historisk, kunstnarleg, vitskapeleg eller estetisk synspunkt, og er tufta på to hovudprinsipp:

- 1. Det er det ein skilde land som har hovudansvar for å sikre dei delane av verdsarven som ligg på landet sitt territorium.**
- 2. Alle land som har ratifisert konvensjonen godkjenner at det internasjonale samfunn har plikt til å samarbeide for å sikre bevaring av ein arv som alle har del i.**

ICOMOS (International Council on Monuments and Sites) kom med følgjande grunngeving ved nominasjonen i 1979: 'In its present form, following the 1702 fire, Bryggen, a harmonious ancient quarter, illustrates the use of space in a quarter of Hanseatic merchants. It is a type of modern "fundaco" unequalled by even Lübeck and Novgorod'. Bryggen vart difor ført opp på verdsarvlista etter kriterie 3, etter "Operational guidelines for the Implementation of the World Heritage Convention", artikkel 24 (a):

- (iii) **bear a unique or at least exceptional testimony to a civilization or cultural tradition which has disappeared.**

Under evalueringa i 1993 vart det lagt fram forslag om at kriteria 4 og 5 skulle vurderast som relevante:

- (iiii) **be an outstanding example of a type of building or architectural ensemble or landscape which illustrates (a) significant stage(s) in human history.**
- (iiiii) **be an outstanding example of traditional human settlement or land use which is representative of a culture (or cultures), especially when it has become vulnerable under the impact of irreversible change; or, in exceptional circumstances or in conjunction with other criteria.**

Før ein eventuell renominasjon vert sett i verk vil ein sjå til at desse omgjevnadane vert verna innanfor dei lovheimlar ein har i plan- og kulturminnelovgevinga.

I World Heritage Convention vert det i artikkel fem påpeika at verdsarven skal integrerast i alminneleg planleggjing, ha gode organisatoriske tilhøve, vere stimulert av vitskapeleg og teknisk aktivitet og forskning, stetta av juridiske, vitskapelege, økonomiske og administrative tiltak og fremja gjennom oppretting av regionale senter for utdanning og formidling.

Forvaltningsplanen er forma ut frå denne overbygninga, og skal sikre dei omsyna som vert nemnd i konvensjonen.

## Mål for forvaltningsplanen

Forvaltningsplanen skal vere ein reiskap for å sikre ei best mulig bevaring av Verdskulturminnet Bryggen slik at dei kulturelle ressursane kan overleverast til komande generasjonar mest mulig intakt.

Forvaltningsplanen skal seie noko om sjølv kulturminnet og presisere kva typar verdiar som skal bevarast. Planen tek opp forvaltningsmessige og administrative tiltak og korleis desse skal setjast i verk. Dette vil vere eit viktig rammeverk for alle som deltek i arbeidet og vil gje eit heilt naudsynt supplement til eksisterande struktur av lover og føresegner.

Forvaltningsplanen er eit avtaledokument som byggjer på ei felles forståing av kva verdiar ein har i Verdskulturminnet Bryggen og korleis desse skal forvaltast. Følgjande parter har forplikta seg til å arbeide for målsettingane i forvaltningsplanen:

Bryggen Private Gårdeierforum

Stiftelsen Bryggen

Riksantikvaren, distriktkontor Vest

Byantikvaren i Bergen

Hordaland Fylkeskommune



Foto: Ann Steindal